

Rapport drikke- og sløkkevatn Hardbakke

Vassforbruket på Hardbakke er ca. 200 liter/person/døgn. Om lag 400 personer (2019) som er knytta til Hardbakke vassverket. På kote 80 i Brattelia er eit høgdebasseng med eit volum på 314 m³ som vert forsynt frå Storevatnet. Det er einaste vasskjelda tilknytt forbrukarane i Sentrum.

Drikkevassforskrifta regulerer korleis eit vassverk skal byggast og driftast.

Då vassverket var nytt i år 2000 var det ca. 300 personer som var tilkopla. Solundheimen, Solund barne og ungdomsskule og Hardbakke barnehage får vatnet frå Vassverket.

Lialaks AS hentar og vatn til settefiskanlegg frå Storevatnet. I periodar med lite nedbør vert drikkevasskjelda ekstra nedtappa.

I Hardbakke sentrum er og idrettshall og svømmehall. Dei forbrukar store mengder vatn når idrettsanlegget er i bruk.

I Hardbakke hamn er det gjestebryggje med plass til fleire båtar. I sommarhalvåret er det fleire båtturister og i vinterhalvåret er det berre skyssbåtane og nokre fiskefartøy som fyller vasstankane når dei ligg ved kai.

Vassverket forsyner og vatn til overnattingsstader og matsservering i Hardbakke sentrum. Hardbakke båtlag er og tilkopla anlegget.

I dei siste 20 åra har det vore ein auke i vassforbruket med ca. 100 personer. Dei områda som er utbygd sist, kan ha ein sårbar tilførsel på leidningsnett ved auka bruk andre stader.

I kommuneplanen er det satt av areal til bustad i nærleik til Hardbakke sentrum. Det strekker seg frå Steinsund i vest til Prestegardsmarka. Det er planlagt at Solund kommune skal ha god kvalitet i tenesta til innbyggjarane som er tilkopla vassverket med nok og trygt vatn.

Analyse visar at etter planlagde bustadområder i planen, vil over 65 bustader ha behov for drikkevatn om alt vert bygd ut i åra som kjem. Her er areala som er regulert og dei som er merka av i kommuneplanen med. Då er det ikkje tatt med i berekninga dei hyttefelt som er med i planen.

Reservevasskjelde

For å planlegge for auke i busetnad og aktivitet, må det settast av areal i kommuneplanen for nye drikkevasskjelder med nedslagsfelt og omsynssoner. Utbygging må skje parallelt med planarbeid for å dekke vassforsyning som drikkevatn og sløkkevatn ved brann.

I dag er det berre Storevatnet som forsyner Hardbakke. Ved brot på forsyningslinjer vil det være sårbart utan ekstern kjelde om det skulle oppstå brann samtidig. Eller at drikkevasskjelda vert utsatt for hending som gjer at kjelda er forureina og ikkje kan brukast som drikkevatn. Kommune-ROS for Solund har med punktet i analysa si.

Storevatnet er merka og bandlagt i kommuneplanen.

I kartet må Valsvatnet, Klubbevatnet og Råkevatnet med nedslagsfelt og omsynssone teiknast inn for å bandlegge område for reservevasskjelde. Områda kan utgreiast for å finne den løysning som er enklast, best kvalitet og økonomisk gjennomførbar.

I kartet må det settast av område for nytt høgdebasseng. Ved å byggje det i sør vil ein dekke område som er under planlegging for bustadbygging. Og ein vil dekke behov for sløkkevatn frå Næringsbygget, Storehaugen, Håneset og Sildevika. I dag er det avgrensa mengde sløkkevatn om ein brann spreier seg og varer over fleire timar. I søre del av Hardbakke kan det vera avgrensa kapasitet, men ved å planlegge nytt areal for drikkevatn og høgdebasseng, vil ein og stette gjeldande krav i vassforskrift og plan og bygningsloven.

Med ekstern drikkevasskjelde og sløkkevasskjelde vil brannvesenet sin beredskapsoppgåve vera styrka.

Ved å leggje til rette for drikkevassforsyning i sør, styrkar ein beredskap ved uønska hendingar. Beredskapsplan for vassverket omtaler hendingar som kan inntreffe og som det er laga tiltakskort for. Om det inntreff to alvorlige hendingar samstundes, vil det vera mulig for kommunen å handtere innforbi dei rammene som er gitt.

I kommuneplanen kan dei aktuelle private drikkevasskjelder og vassverk som allereie er i bruk kartleggast og dokumenterast med nedfallssone og omsynssone. Då får brannvesenet ein oversikt over vasskjelder som er egna for sløkkevatn i dei størst bygdene.

Solund kommune

Mai 2020